



STRANDA KOMMUNE
Ringstad barnehage

Saman om ein trygg barndom

Stranda, 07.09.2023

Ringstad barnehage



Årsplan
Informasjon
2023 – 2024

Postadresse:

Hevsdalsveien 44
6200 Stranda

tlf. Ringstad barnehage:

46 41 11 35

e-post Ringstad barnehage:

vekl@stranda.kommune.no

INNHALD

<i>Personale på avdelingane med tlf nr</i>	3
<i>Kort informasjon om barnehagen</i>	4-5
<i>Skule og barnehageruta 2022 – 2023</i>	6
<i>Samarbeidsutvalet for Ringstad barnehage</i>	7
<i>Foreldrerådet for Ringstad barnehage</i>	7
<i>Faste aktivitetar gjennom året</i>	8
<i>Kontakt heim barnehage</i>	9
<i>Dokumentasjon og vurdering</i>	10
<i>Ferieavvikling, Erasmus +</i>	11
<i>Pedagogisk grunnsyn og mål for barnehagen</i>	12
<i>Satsingsområde</i>	13-14
<i>Barnehagen sitt føremål og innhald</i>	15
<i>Rammeplanen for barnehagen</i>	16
<i>Barn i gruppe – einskildbarnet</i>	17
<i>5- åringane, overgang barnehage – skule</i>	18
<i>Barnehagen sine samarbeidspartar</i>	19

Venke Viddal Kleppe
einingsleiar

Denne planen skal delast ut til:

- Personalet ved Ringstad barnehage
- Foreldre/føresette ved Ringstad barnehage
- Samarbeidsutvalet for Ringstad barnehage
- Stranda kommune
- Ringstad skule
- Pedagogisk-psykologisk teneste
- Helsestasjonen i Stranda kommune
- Aktuelle fagorganisasjonar

PERSONALE VED RINGSTAD BARNEHAGE 2023 - 2024

Ringstad barnehage, Hevsdalsvegen. 44

Venke Viddal Kleppe: Einingsleiar, tlf. 46 41 11 35
e-post: vekl@stranda.kommune.no Priv: 97 61 49 15

Avd. Fjellet tlf. 92 07 81 10

Solfrid K. Kjølås	barnehagelærer/pedagogisk leiar tlf. 97 03 28 13
Maria Ødegård	barnehagelærer/pedagogisk leiar tlf. 97 14 80 40
Anne Kathrin Flydal	fagarbeidar
Gro Monika Drege	fagarbeidar
Ann-Mari Nordang	fagarbeidar

Avd. Bygda tlf. 46 41 11 37

Bodil Tronstad Lie	barnehagelærer/pedagogisk leiar tlf. 99 53 53 79
Jeanette Hareide	barnehagelærer/pedagogisk leiar tlf. 93 61 12 82
Elin Opsvik	assistent

Avd. Fjorden tlf. 46 41 11 36

Hanne Beate Uri	barnehagelærer/pedagogisk leiar tlf. 98 62 46 03
Hilde Ånes Sve	barnehagelærer/pedagogisk leiar tlf. 41 29 58 48
Sølvi Fylling	fagarbeidar
Ingvild Alnes	fagarbeidar

Avd. Dalen tlf. 92 20 47 20

Wenche Eliassen	barnehagelærer/pedagogisk leiar tlf. 99 01 71 49
Susanne Brunvær	barnehagelærer/pedagogisk leiar tlf. 40 34 60 80
Ingeborg Ødegård	fagarbeidar
Eva-Iren Nordang	fagarbeidar
Mari Rødset	lærling (fram til 31.12.23)

Andre

Olga Tselempi	reinhaldar
---------------	------------

KORT INFORMASJON OM BARNEHAGEN

Ringstad barnehage er ein kommunal barnehage som ligg i ein gammal eplehage med ungdomskulen og idrettshallen som nærmaste naboar. Den eldste delen vart bygd i 1988, med nytt påbygg i 2007 som innlemma blant anna ei ny avdeling.

Ringstad barnehage har tradisjon for å vere mykje ute og nyttar eit stort og fint uteområdet heile året. Skogen vår, som er like ved barnehagen, har foreldra vore med på å utvikle gjennom mange år med aktiv dugnadsinnsats. Her er utfordringar nok utan kjøpte leiker av gul, blå eller raud plast. Naturen er spennande året rundt. Vi er glade og stolte av å ha eit slikt innhaldsrikt og fint uteområde til disposisjon for barna i Ringstad barnehage.

Barnehagen er inndelt i fire avdelingar: Fjorden, Dalen, Bygda og Fjellet. Barnehagen er godkjent for barn i alderen 1 – 6 år. Barnehageåret vert rekna frå 01.08.23 – 31.07.24.



PRESENTASJON AV AVDELINGANE:

Fjellet:

er ei avdeling med 18 plassar for 9 barn i alderen 1 - 2 år.

Fjorden:

er ei avdeling med 18 plasser for 5 åringane

Dalen:

er ei avdeling med 15 plasser for 2-4 åringane.

Bygda:

er ei avdeling med 14 plassar for 2-4 åringane.

Bygda og Dalen samarbeidar mykje på tvers av avdelingane og fungerer som ei base i store delar av tida.



OPNINGSTIDENE I BARNEHAGEN ER 06.40 – 16.15

Blir behovet for anna opningstid stort nok, kan opningstida bli endra. Vi vil minne om at opphaldstida skal vere medrekna tid til levering og henting. Viser elles til vedtak i HOK om at den totale opphaldstida for barnet ikkje må overskride 45 timar pr. veke for dei som har full plass.

DAGSRYTMA:

For å tilpasse barna sin alder og modningsnivå kan dagsrytma variere frå avdeling til avdeling. Kvar avdeling vil orientere om si aktuelle dagsrytme.

MÅLTID:

Barna får all mat og drikke i barnehagen som frukost, formiddagsmat og ettermiddagsmat. Dette betaler foreldra for. Det blir laga til brødmåltid med pålegg, men kan også vere graut, frukt og knekkebrød. Innimellom har vi varm-måltid, også gjerne i forbindelse med ulike tema som vi arbeider med.

**BURSDAGSFEIRING:**

Personalet planlegg og organiserer bursdagsfeiringa saman med bursdagsbarnet. Barnet kan få velje ein aktivitet og ein matrett som markering av dagen i tillegg til at barnet kan få velje kappe og bordpynt m.m.

Dette inneber at barnehagen organiserer bursdagsfeiringa saman med barnet. Dermed skal barnet **ikkje** ta med noko heimanfrå til feiringa.

TILVENNING:

For barna er det ei heilt ny verd å begynne i barnehage, med nye omgjevnadar, nye vaksne og mange nye barn. Det er derfor viktig at de som foreldre tek dykk tid til å vera saman med barnet ein del dei første dagane i barnehagen slik at det kan verte eit trygt møte i eit nytt miljø.

BARNA MÅ HA MED TIL BARNEHAGEN:

- Ekstra klesbyte som skal ligge i barnehagen: undertøy, strømpebukse, sokkar, genser, t-skjorte, bukse og liknande.
- Klede til ute-bruk: støvlar, regnkle og hue skal alltid henge i barnehagen. Vinterdress, fleece/ullkle, vottar og gode vintersko må vere i barnehagen når vêrtilhøva tilseier det.
- Tøflar, joggesko eller sandalar til innebruk.
- Bleier og eingangs-vaskeklutar til dei som brukar det.
- Det er viktig å merke alle kle og sko barna tek med til barnehagen.

SKULE OG BARNEHAGERUTE 2023/2024

MÅNAD	Barnehage	Skule
AUGUST	Barnehageåret vert rekna frå 01.08.23– 31.07.24 Grunna ulik ferieavvikling vil barnehagane starte til ulik tid. Dei fleste startar tysdag 08.08.23 Første måndag etter ferien, den 07.08.23 er plandag for personalet og barnehagen er stengt.	Første skuledag Måndag 21.08.23
SEPTEMBER	Plandag for personalet i Ringstad barnehage: fredag 15.09.23	
OKTOBER		Hautferie i skulen veke 41 09.10 – 13.10.23
NOVEMBER		
DESEMBER	Siste barnehagedag før jul er fredag 22.12.23 Barnehagen er stengt i romjula.	Siste skuledag før jul er onsdag 20.12.23
JANUAR	Første dag etter nyttår er onsdag 03.01.24 Tysdag 02.01.24 er plandag for personalet.	Første skuledag er onsdag 03.01.24
FEBRUAR	Plandag for personalet i Ringstad barnehage Fredag 23.02.24	Vinterferie i skulen veke 8 19.02 – 23.02.24
MARS	Siste dag før påske er fredag 22.03.24 Barnehagen er stengt i påska.	
APRIL	Første dag etter påske er tysdag 02.04.24	Påskeferie: Mandag 25.03 – t.o.m. mandag 01.04.24
MAI	Barnehagen er stengt 10.05.24, plandag for personalet	Elevfri dag: 10.05.24
JUNI		Siste skuledag 21.06.24
JULI		
KOMMENTARAR	STUDIE- OG PLANDAGAR FOR PERSONALET : Personalet har 5 plandagar i løpet av barnehageåret. Plandager: 07.08, 15.09. 23 og 02.01, 23.02, 10.05.24. Onsdag i påskeveke er det lagt inn 4 t. avspasering for personalet. FERIEAVVIKLING I BARNEHAGANE: Barnehagen er stengt i veke 28, 29, 30 og 31. Personalet har 4 veker ferie om sommaren. Personalet har den 5.ferieveke fordelt på jul og påske: 27.12, 28.12 og 29.12.23, samt 25.03 og 26.03.24	Skulen skal ha minimum 6 plandagar. Skuleeigar har lagt inn 1 dag utenom dette som vert tatt frå dei 190 elevdagane.

Samarbeidsutval og foreldreråd

For å sikre samarbeidet mellom heim og barnehage, skal kvar barnehage ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd (jfr. Lov om barnehagar pr. 01.01.06)

Samarbeidsutvalget 2023-24

Knut Einar Langlo	foreldrerepresentant og leiar
Dominika Espelund	foreldrerepresentant og nesteleiar
Hilde Ånes Sve	personalrepresentant
Eva-Iren Nordang	personalrepresentant
Solfrid Blindheim	kommunalrepresentant
Venke Viddal Kleppe	sekretær/styrar

Samarbeidsutvalet skal godkjenne barnehagen sin årsplan. Styrar har ansvar for eit planutkastet.



FORELDRERÅDSSTYRET 2023 -2024

Knut Einar Langlo	415 68 725	leiar
Dominika Espelund	463 91 483	kasserar og nestleiar
Lone R. Å. Øverland	941 90 996	valnemd
Ida Marie Iversen	407 61 600	valnemd
Omid Ahadi	967 29 729	dugnadskomite
Christopher L.D. Parson	900 98 795	dugnadskomite
Martine Slyngstad	992 62 600	dugnadskomite
Bente Langelo Hole	480 34 797	dugnadskomite
Venke Viddal Kleppe	976 14 915	sektretær/styrar

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til barn i barnehagen. Foreldra skal velje eit styre som skal vere bindeledd mellom foreldra og barnehagen. Foreldrerådet skal ta opp saker som er til det beste for barna i barnehagen. Dei kan vere med å arrangere foreldremøte og temakveldar. Rådet kan også ta initiativ til å diskutere eventuelle endringar av rutinar og opplegg i barnehagen dersom dei meiner det er til det beste for barna.

Foreldra har moglegheit til å innverke på innhaldet i barnehagen gjennom

- kontakt med foreldrerådsstyret
- evaluering på foreldremøte haust og vår
- dagleg kontakt med personalet
- foreldresamtalar/kontakttimar haust og vår



Faste aktivitetar gjennom året.

August	• Tilvenning til eit nytt barnehageår. Nye barn, ny avdeling, nytt personale
September	• Foreldremøte • Tema om brannvern
Oktober	• Foreldresamtaler • Tema om barn i andre land
November	• Medarbeidarsamtalar
Desember	• Jul og juleførebuingar • Julegudsteneste • Lucia • Nissefrukost
Januar	• Tilvenning og markering av nytt år
Februar	• Karneval
Mars	• Aktivitetsdag ute • Tema Påske • Påskefrukost
April	• Foreldresamtaler • Foreldremøte
Mai	• 17. mai • Medarbeidarsamtalar • Dugnad
Juni	• Sommarfest for små og store • Førskuletur
Juli	• Ferieavvikling

KONTAKT HEIM – BARNEHAGE:

Etter formålsparagrafen i Lov om bhg. §1 skal barnehageverksemda gå føre seg i nær forståing og samarbeid med heimen til barna. Personalet i Ringstad barnehage ønsker å arbeide for å få til eit godt foreldresamarbeid, og oppfordrar foreldra til å kome med synspunkt på arbeidet som blir gjort i barnehagen.

Den daglige kontakta:

Eit positivt samarbeid med alle foreldre botnar i gjensidig tillit. Tilliten vert oppretta gjennom dagleg kontakt i blant anna i bringe/hente-situasjonane. Målet er at foreldre og barn skal føle at vi har tid til dei. Tid til kvarandre ved å lytte, prate, utveksle informasjon og kunne gi og ta imot beskjedar. Såleis vonar vi at alle føler seg velkomne til barnehagen.

Visma-appen «Min Barnehage Foresatt»:

Å bruke appen «Min Barnehage Foresatt» vil for deg som foresatt gjere kommunikasjonen med barnehagen enklare. I appen kan de kommunisere trygt med personalet om relevante saker som at barnet kjem seinare til bhg.en av ulike grunnar, samt de kan legge inn fråver m.m. Barnehagen brukar appen for å registrere når barnet kjem til og går frå barne-hagen, vi registrere sovetida til barnet og har telleliste som vi brukar for å registrere barna, spesielt i utetida. Barnehagen vil og legge ut fellesbeskjedar og beskjedar til den enkelte, samt legge ut diverse planar, bilde frå ulike aktivitetar og informasjon i appen.

Facebook-side:

Barnehagen har ei opa Facebook-side der det blir lagt ut hendingar frå barnehagelivet. Ingen barn skal bli gjenkjent i presentasjonen, og foreldre kan reservere seg for at sitt barn skal vere med.

Foreldresamtalar:

Foreldresamtalar er formell kontakt. Barnehagen inviterer til to foreldresamtalar i løpet av barnehageåret, men det er fullt mogleg å avtale foreldresamtale utanom dei to som barnehagen tek initiativet til.

Nye barn:

Nye foreldre vert invitert til sitt første foreldremøte før barnet startar i barnehagen. Her blir blant anna ein perm med diverse informasjon utlevert. Dette vil gi nye foreldre eit innblikk i drifta av barnehagen.

Foreldremøte:

I løpet av året arrangerer barnehagen 2 foreldremøte, eit på hausten og eit om våren. Desse møta kan arrangerast i samarbeid med foreldrerådet.

Vi oppmodar alle foreldre om å kome på foreldremøte då dette er eit viktig fora for informasjon og utveksling av diverse tema.

Foreldrerådsmøte/ samarbeidsutvalet:

Foreldrerådsmøte og samarbeidsutvalsmøte blir arrangert haust og vår.

DOKUMENTASJON OG VURDERING

Plandagar:

Kvart barnehageår inneheld 5 plandagar. Dette er dagar personalet skal nytte til å planlegge drifta av barnehagen. For barnehageåret 2023-24 er plandagane lagt til oppstarten av barnehageåret (07.08), ein i september (15.09), ein i januar (02.01), ein i februar (23.02) og ein i mai (10.05). I år vil personalet legge delar av planarbeidet til kveldstid og kan dermed jobbe inn bla. plandagen i februar og mai. Datoane for plandagane kjem også fram i barnehageruta, og barnehagen er stengt for barna desse dagane.

Plan – og utviklingsmøte:

Om lag ein gong i månaden vert det halde plan- og utviklingsmøte (tidlegare kalla personalmøte). Desse møta blir brukt til å arbeide felles med interne satsingsområdet, utviklingsarbeid, HMS arbeid eller anna aktuelle områder og tema som blir styrt av eksterne og interne faktorar.

Avdelingsmøte/leiar møte:

Kvar avdeling har møte (1 time) om lag ein gong pr. mnd. På desse møta vert det bla. utarbeidd innhald i veke- / månadsplanane og aktivitetar som skal skje. Leiar møte (1 time) blir ein gong pr. mnd., som består av styrar og ped.leiarane. Her blir det tek opp meir organisatoriske forhold som t.d. planlegging av fellesaktivitetar, personalmøte, plandagar og foreldremøte m.m.

Halvårsplanar, månadsplanar, vekeplanar og informasjon generelt:

Kvar avdeling utarbeidar ein pedagogiske halvårsplan som vil gi informasjon over temarbeidet på avdelingane. Planane vil bli levert ut haust og vår. Halvårsplanen er den pedagogiske delen av årsplanen og vil gi utgangspunkt for utarbeiding av månadsplan/vekeplan for avdelinga. Halvårsplanen/ månadsplanen/vekeplanen vil kunne variere frå avdeling til avdeling avhengig av barna sin alder og modningsnivå. **Halvårsplanen er den pedagogiske delen av årsplanen og må sjåast i samanheng med denne generelle årsplanen.**

Evaluerings/vurderingsarbeid:

Evaluerings av halvårsplanane og utførte aktivitetar på avdelinga vil bli gjort avdelingsvis to gongar i året. Felles aktivitetar som karneval, aktivitetsdag, nissefest m.m. vil bli evaluert felles. Desse evalueringane blir dokumentert og nytta som eit reiskap ved eventuell korrigering for seinare arbeid.

Diverse informasjon og dokumentasjon:

Viser også til diverse informasjon og dokumentasjon på Visma barnehageappen og oppslag på avdelinga. Dette kan vere praktiske informasjonar og fotodokumentasjon frå turar og aktivitetar. Permen/minneboka som følgjer barnet frå dei startar i barnehagen til dei sluttar, vil og vere ein fin dokumentasjon frå tida ved Ringstad barnehage.

FERIEAVVIKLING:

Barnehageåret 2023-24 vil Ringstad barnehage vere feriestengt i fire samanhengande veker: v. 28, 29, 30 og 31.

Jfr. barnehagelova skal alle barn ha 4 veker ferie i løpet av eit barnehageår.

Ferieåret for barnehagebarn følgjer barnehageåret (01.08 – 31.07).

Personalet har 4 veker ferie om sommaren. Den 5. ferieveka for personalet er fordelt på jul – og påskeferien .

**ERASMUS +, 2023 – 2027:**

Stranda kommune har eit samfunnsmål om at «Stranda skal vere eit inkluderande samfunn». Stranda har ein stor andel barnhagebarn og elevar med bakgrunn i anna kultur. Samfunnet har ikkje klart å arbeide aktivt nok for å inkludere familiane og barna. Stranda-samfunnet kjenner ikkje godt nok til bakgrunnen til desse barna, og familiane og barna kjenner ikkje godt nok til Stranda-samfunnet. Ved å auke kunnskapen om kvarandre, om kvarandre sin bakgrunn, samfunn og kulturane dei kjem frå, og korleis utdanningssystema i desse landa er organisert, er det eit mål at inkluderinga skal bli betre.

I Erasmus+ prosjektet vil vi knyte til oss samarbeidspartnarar og bygge nettverk i aktuelle land i for eksempel Aust-Europa for å auke kunnskapen og kjennskapen til kultur, barnesyn, oppvekstvilkår, utdanningssystem m.m. Vi vil gjennom studieturar, og ved å få besøk frå dei vi har besøkt, auke kunnskapen og utvikle gjensidig forståing for kvarandre. Alle som jobbar med barn og unge i Stranda bør ha betre kompetanse om bakgrunnen til barn frå andre kulturar. Dei som er deltakarar i Erasmus+ prosjektet er tilsette i barnehagar, skular og støttetjenestene i Stranda kommune.

Det er naturleg også å sjå dette prosjektet i samanheng med andre satsingsområde i barnehagane som «Språkutvikling og språkvanskar» då forståinga av å styrke eit felles språk er ein vesentleg faktor for å vere inkludert.

PEDAGOGISK GRUNNSYN

«Med pedagogisk grunnsyn menes den virkelighetsoppfatting, de kunnskaper, verdier og holdninger som ligger til grunn for pedagogisk virksomhet»

(Lillemyr og Søbstad, 1993).

Ringstad barnehage sitt grunnsyn speglar seg i barnehagen sine mål og verdiar, og korleis vi jobbar med omsorg, danning, leik og læring. Det er viktig for barn å bli teken på alvor, og alle barn har individuelle behov som vi skal ta omsyn til. Barn har ulik personlegdom og skal møtast med anerkjenning og respekt for den dei er. Barn har rett til å ha eigne meiningar, behov og kjensler, og dette skal vi ta omsyn til.

Barndommen har sin eigen verdi, og ein av barnehagen sine viktigaste oppgåver er å ivareta og verne om barndomstida.

I Ringstad barnehage ønskjer vi:

- Å ha eit inkluderande miljø
- Å vere framtidsretta og nyskapande i forhold til utviklinga i samfunnet
- Å sjå muligheiter og ikkje begrensingar
- Å ha respekt for mennesket
- Å vere anerkjennande og engasjert i alle situasjonar

«Menneske er menneskets glede»

Mål for Ringstad barnehage:

- Vi i Ringstad barnehage skal respektere barna sine synspunkt ved å la alle barn bli sett og høyrte.
- I Ringstad barnehage skal glede og humor prege kvardagen.
- Forutsigbarheit og stabilitet skal skape trygghet og tillit til Ringstad barnehage.

Verdiane for Ringstad barnehage seier at vi skal vere:

- Innovativ/Framtidsretta
- Engasjert
- Anerkjennande/Raus
- Profesjonell

Visjonen for Ringstad barnehage:

- Saman om ein trygg barndom –



SATSINGSOMRÅDE 2023-24:**Språk og språkutvikling**

«Språk og språkutvikling» blir også i år satsingsområdet for barnehagen, og vi viderefører utviklingsarbeidet «Språkutvikling og språkvanskar» i regi Sunnmøre Regionsråd og i samarbeid med Høgskulen i Volda.

Denne regionale ordninga skal bidra til at barnehagane utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling, samt styrke personalet sin kompetanse. I årets utviklingsarbeid vil vi ha meir fokus på det å vere to-språkleg, noko som også vil bli styrka gjennom Erasmus+ prosjektet.

I Rammeplanen for barnehagar (her etter Rpl) står det at alle barn skal få god språkstimulering gjennom sin barnehagedag og delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg utvikling gjennom både verbalspråk, kroppsspråk og mimikk. Språklege aktivitetar som er viktige for barna si språkutvikling kan samtidig vere både morosame, interessante og meningsfylt. Mange gode døme i barnelitteraturen av bøker, eventyr, sang, rim og regler, vil kunne understøtte dette og vil bli brukt aktivt gjennom heile barnehageåret. Litteraturen gir også felles referanserammer og stoff til leiken, fantasien og forteljargleda.

Rpl. seier vidare at barnehagen skal bidra til at barna skal bruke språket til å skape relasjonar, delta i lek og kunne bruke språket som reiskap til å løyse konflikhtar. Gjennom arbeid med kommunikasjon og språk skal barnehagen bidra til at barna får utrykke kjensler, meiningar og erfaringar på ulike måtar. Å legge til rette for å arbeide aktivt og systematisk med språk i barnehagen er ein god strategi for å skape gode relasjonar og positivt samspel mellom barna i samvær og lek.

Språket har ein sosial funksjon, det er skapt til kommunikasjon, og derfor er det viktig å sørge for at barnet er ein del av det språklege fellesskapet. Små barn si læring skjer best i naturlege sosiale situasjonar, og derfor er det viktig å legge til grunn for at språk lærast best når det brukast naturleg. Barn lærer best ved å delta i konkrete situasjonar og god språklæring skjer når barnet leikar eller pratar saman. Personalet skal vere aktive i sitt arbeid opp mot barna ved å skape eit variert språkmiljø der barna får moglegheit til å oppleve glede ved å bruke språk og kommunisere med andre, jfr. Rpl.

Mange barn i Ringstad barnehage har norsk som sitt andrespråk i barnehagen. For alle barn er morsmålet viktig for oppleving av eigen identitet og meistring på mange område. Å utvikle gode norskspråklege ferdigheiter er viktig satsingsområde for barnehagen enten barna er minoritetsspråklege eller har norsk som morsmål. Samtidig seier Rpl. at vi skal oppmuntre barn med to- eller fleirspråkleg bakgrunn til å vere språkleg aktiv på sitt morsmål og samtidig hjelpe dei til å få erfaringar som bygg opp deira omgrepsforståing og ordforråda

i norsk. Vi i Ringstad barnehage ser på det å ha eit rikt mangfald av ulike språk og kulturar som ein stor ressurs som gir gode impulsar for mykje læring for alle.

Barnehagen vil aktivt bruke det digitale verktøyet Snap Core / ASK (alternativ, supplerande kommunikasjon), visuelt gjennom bruk av plansjar, bildesneller og bilder for å styrke barna i innlæring av omgrep og andre kommunikasjonsferdigheiter.

Satsingsområdet skal vere styrande for måla med tanke på korleis vi i Ringstad barnehage skal vere med på å gi barna eit godt utgangspunkt for god språkutvikling i eit trygt og inkluderande miljø. Den enkelte avdeling vil tilpasse dei pedagogiske opplegga etter barna sine modningsnivå, dette vil kome fram i halvårsplanen til avdelinga barna går på.



BARNEHAGEN SITT FØREMÅL OG INNHOLD

Formålet for barnehagen fastsette kva som er barnehagen sitt samfunnsmandat og kva verdigrunnlag barnehagen skal bygge på.

Lov om barnehagar, § 1 Formål :

”Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.
(Barnehageloven § 1)”*



Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver:

Barnehagane i Noreg skal driftast etter barnehageloven av 17. juni 2005, ajourført med endringar gjeldande frå 01.08.2017. Med heimel i lova har Kunnskapsdepartementet fastsett **forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.**

Rammeplanen gir retningslinjer for barnehagens verdigrunnlag, innhald og oppgåver.

Målet med rammeplanen er å gje styrar, pedagogiske leiarar og personalet elles i barnehagen ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen som verksemd. Rammeplanen gir også informasjon til foreldre, eigar og tilsynsmyndige.

Rammeplan for barnehagen ligg til grunn for vala våre både når det gjeld pedagogisk innhald og på kva måte vi formidlar innhaldet på.

Rammeplanen omfattar blant anna 7 fagområder som barnehagen er forplikta til å arbeide med i løpet av barnehageåret:

- 1. Kommunikasjon, språk og tekst**
- 2. Kropp, rørsle, mat og helse**
- 3. Kunst, kultur og kreativitet**
- 4. Natur, miljø og teknologi**
- 5. Mengde, rom og form**
- 6. Etikk, religion og filosofi**
- 7. Nærmiljø og samfunn**

Kvart fagområde dekkjer eit læringsfelt, men fagområda opptrer sjeldan isolert. I temaopplegg kan fleire fagområde vere representerte samstundes.



Vi kan til dømes vise til ein blåbærtur:

- Kommunikasjon, språk og tekst:
 - Når vi førebur turen planlegg vi kvar vi skal gå, kva vi skal sjå etter og kva vi treng å ha med. Dette skjer i dialog med barna.
- Kropp, rørsle, mat og helse:
 - Under turen kan vi bevege oss i ulent terreng i skogen. Blåbær er sunt å ete, og sunn mat er godt for helsa vår.
- Kunst, kultur og kreativitet:
 - Bærsanking er tradisjon, og vi teiknar eller malar frå turen.
- Natur, miljø og teknologi:
 - Vi nyttiggjer oss av det naturen gir, og undrar oss over kva som skjer med bæra når vi koker dei til syltetøy. Vi tek foto/bilde som vi framkallar i barnehagen.
- Mengde, rom og form:
 - Mange spørsmål treng svar, som kor mykje bær har vi plukka, kor mykje sukker treng vi til syltetøyet og kva form har blåbæra?
- Etikk, religion og filosofi:
 - Vi lærer å ta vare på naturen når vi bruker den, samtidig som vi får mange opplevingar som vi må tenkje og filosofere over i lag.
- Nærmiljø og samfunn:
 - Aktiv bruk av nærområde og hausting av ein ressurs frå vårt nærmiljø.

I leik og kvardagsaktivitetar skjer det ofte spontane samhandlingar knytt til fagområda, som igjen fører til konkrete opplevingar som er med på å gi barna grunnlag for utvikling på mange nivå.

BARN I GRUPPE – EINSKILDBARNET

Målet vårt her er å styrke gruppesamveret til beste for gruppa generelt og det einskilte barnet spesielt.

- Personalet skal vere merksame på aktuelle rutinar som barna vil kunne tilpasse seg i barnehagen, og endre desse ved behov. Påverknad kan og føre til endring av rutinar.
- Dagen skal organiserast slik at det vert tid og rom for å syne det einskilte barnet omsorg, samtidig som vi skal vise omsorg for barnegruppa samla.
- Personalet skal ta omsyn til gruppesamansetning og storleik ved tilrettelegging av leik og ulike aktivitetar slik at situasjonen vert den beste for alle barna.
- Personalet kan nytte observasjon som metode for å kartlegge det sosiale samspelet mellom barna, for bla. å sjå kva samansetjingar som kan vere heldige/uheldige for atmosfæren i gruppa.
- Personalet skal syne respekt og toleranse for barna og deira meiningar.
- Personalet skal vere gode rollemodellar for barna ved å anerkjenne og støtte, og ved å vere aktive og tydelege.



5-ÅRINGANE/FØRSKULE:

I Stranda kommune er det utarbeida ein eigen plan *"Den gode skulestart"* som skal vere ei rettesnor for kva førskulebarna skal få kjennskap til det siste året i barnehagen, samtidig som den skal innehalde moment for å lette overgangen til skulen.

I Ringstad barnehage vil fokuset blant anna vere:

- Å skape samhald i gruppa og knyte vennskap.
- Få ei gryande forståing av korleis språket er oppbygd og kjennskap til alfabetet.
- Utvikle barna sine matematiske omgrep og kjennskap til tala frå 0-10.
- ADL- trening (trening i ulike aktivitetar i det daglege).

Barnehageåret 2023-24 består førskulegruppa av 18 barn, som alle går på avdelinga Fjorden.



OVERGANG BARNEHAGE – SKULE:

Stranda kommune starta i 2006 opp med eit samarbeidsprosjektet, "Den gode skulestart" mellom barnehage og skule. Målet er å få til eit positivt og godt opplegg for overgangen barnehage – skule. Dette er ein plan som forpliktar både for barnehage, skule, helsestasjonen og PPT. For oss i barnehagen betyr dette 4-5 førskuletreff gjennom det siste barnehageåret og besøk på skulen på våren. Når førskulebarna blir kjende med kvarandre på tvers av barnehagane håper vi overgangen blir lettare. Vi vil også få besøk av årets nye førsteklasingar på hausten.

ANDRE SAMARBEIDSPARTAR:

Helsestasjonen:

- Helsestasjonen har ansvar for å drive generelt førebyggjande og helsefremmande arbeid for å trygge barns oppvekstvilkår i kommunen.

PPT, den pedagogisk-psykologiske tenesta:

- PPT er ein fagleg instans som gir sakkunnig vurdering og tilråding om spesialpedagogisk hjelp. Dersom barnehagen ønskjer samarbeid om og hjelp til enkelt barn i barnehagen, må foreldra ha gitt sitt samtykke til det og trekkast aktivt inn i arbeidet.

Barnevernstenesta:

- Barnevernet si hovudoppgåve er å sikre at barn som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barnehagen og barnevernet er to av fleire aktørar som bidreg til å skape trygge oppvekstvilkår for alle barn.

BTI (Betre tverrfagleg innsats)

- Fora for tverrfagleg samarbeid mellom helsestasjonen, PPT, barnevernet og barnehagen, der ulike tema blir tatt opp og drøfta. Føremålet er å styrke og ivareta det tverrfaglegesamarbeidet, samtidig som ein skal fange opp utfordringar på eit tidleg stadium.

Skulane:

- Gjennom samarbeidsprosjektet "Den gode skulestart" skal barnehagen og barneskulen legge til rette for at overgangen skal bli så god og forutsigbar som råd for førskulebarna.
- Barnehagen kan også ha samarbeid med ungdomsskulen for elevar som skal ha sine obligatoriske arbeidsveke og den vidaregåande skulen med praksis plassar for sine elevar innanfor Helse – og sosialfag og Barne- og ungdomsarbeidar.

Kommunen:

- Stranda kommune har det øvste tilsynsmynde med alle barnehagane i kommunen.
Ringstad barnehagen har utstrekt samarbeid med kommunen som eigar av barnehagen.
Einingsleiar er med i styrarnettverket, som er leia av Kommunalsjef Oppvekst.
Einingsleiar er med i einingsleiarfora, som er leia av Rådmannen i kommunen.

